



Lærdal, 26.06.2012

Det kongelige miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
12/78-4

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Ingunn Skjerdal, 5764100

Arkiv
K1-

Fråsegn frå Lærdal kommune - Verdsarvpolitikk 2012

Lærdal kommune har i kommunestyremøte 21.06.2012 vedteke følgjande fråsegn til verdsarvpolitikken:

Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune er positive til at det vert arbeida for å få på plass ein nasjonal og heilskapleg politikk for verdsarven i Noreg.

For å ta vare på verdsarvområda i Noreg, oppfordrar Lærdal kommune til at det vert arbeida fram gode forvaltningsplanar og handlingsplanar på tvers av sektorar og departement. Heilskapleg nasjonal politikk for verdsarven i Noreg må ikkje leggast fram som ei sektormelding.

Lærdal kommune støttar uttale til verdsarvpolitikk frå verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med innspel til punkt om:

- Identifisering av verdsarven i Norge
- Organisering, aktørar og samarbeid
- Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven
- Buffersoner
- Overvakning og rapportering
- Senter for verdsarven
- Formidling
- Kunnskap og kompetanse
- Skule og utdanning
- Internasjonalt samarbeid
- Verdiskaping

Konkrete merknadar til dei ulike punkte frå Lærdal kommune, kjem fram i vurderinga.

12.06.2012 FORMANNSKAPET

FS-068/12 TILRÅDING:

Formannskapet sluttar seg samrøystes til tilrådinga frå rådmannen.

21.06.2012 KOMMUNESTYRET

KS-052/12 VEDTAK:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Saksutgreiinga følgjer vedlagt.

Med helsing

Ingunn Skjerdal
sakshandsamar

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
04.06.2012	Ny heilskapleg verdsarvpolitikk - høyring	58652

Kopi til:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Hordaland fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Norddal.kommune	Pb 144	6210	VALLDAL
Sekretariatet for Vestnorsk Fjordlandskap	Vangen 1	5745	AURLAND
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Stranda kommune	Pb 264	6201	STRANDA
Vik kommune	Pb 134	6891	VIK I SOGN
Voss kommune	Boks 145	5701	VOSS